

## Referat foreldremøte 12.sept. 2013

Det blir kroppssøving om tysdagar. Blei vedtatt at alle elevane skal ha med innesko til å bruke her. Det blei òg einigheit om at elevane skulle byrje å byte til gymklede så snart garderobane er klare. Ingrid noterar på vekeplanen når garderobane er klare.

Det blir utedag/bading annakvar torsdag. I utgangspunktet vil det i partalsveker bli utedag og bading i oddetalsveker. Framleis nokre få som manglar innesko. Minna om å ha byteklede tilgjengeleg på skulen.

Hugs å gje beskjed ved fråvær. Dette kan ein gjere ved å skrive i meldebok dersom ein veit om det på førehand, ringje direkte til skulen eller sende ein sms til Ingrid (helst før 08.10 om morgonen). Dersom elevar ikkje dukkar opp og skulen ikkje har fått beskjed, vil skulen kontakte heimen ca. 09.15.

Foreldre tok opp effektiviteten rundt leksehjelp. Tilbakemelding om at elevar til tider kom heim etter leksehjelp utan å ha gjort det dei skulle. Dette er vidareformidla til rektor.

Det vil kome fleire nye møblar som elevane vil ta i bruk. Dette gjeld t.d. elevhyller i klasserom og hyller/knagg til ytterklede. Uvisst når dei kjem. Etter at dei nye stolane er tatt i bruk har det blitt noko uro kring dette, då elevane snur seg 180 grader rundt. Det vil midlertidig bli satt inn gamle stolar til elevar som ikkje klarar å sitje slik som er ønskeleg.

Torill Myrtveit og Monica Larsen rykka opp og blei nye klassekontaktar. Vararepresentantar blei Karianne Hole Tveiten og Kathrine Kolstad Murberg.

Utover året vil det vere fleire samanhengar der skule og heim møtes. I skulen sin regi vil dette vere julefest og vårfest, den årlege solidaritetsaksjonen 24.10, foreldresamtalar som kjem i veke 43/44 og ei opning av "nye"skulen (tidspunkt ikkje avklart). Foreldregruppa står sjølvsgt fritt til sjølv å arrangere ulike ønskelege samlingar for foreldre/elevar. På møtet blei det t.d. diskutert å samlast til ein skogstur!

Underteikna laga ei undersøking i klassen for å nærmare kartleggje det sosiale miljøet i klassen. Her var det ikkje alle elevane som kom like godt ut dessverre. Skulen vil innføre utvalde leikegrupper i klassen for å betre dette, men her vil me i tillegg oppmoda foreldra om å vere ekstra "på vakt". Sosiale samlingar med foreldre vil truleg vere til god hjelp for det sosiale miljøet i klassen. Skulen jobbar stadig mot mobbing, t.d. gjennom eit opplegg kalla "det er mitt val", RLE og daglege samtalar.

Heimane blei informert om eit nytt kartleggingsmateriale, kalla SOL (systematisk observasjon av lesing). Målet er å kartleggje elevane sin lesedugleik, slik at dei kan få best mogleg tilrettelegging av eiga lesing.

Med venleg helsing

Ingrid Bø Marøy